



MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG
Att. ved rådmann

Saksbehandlar, innvalstelefon
Linda Svori, 5764 3161

Ekstra LIS1 lege hausten 2019

Fylkesmannen i Vestland har ansvaret for å opprette nok LIS1 plassar for legar som skal ut i kommunehelsetenesta etter eit år på sjukehus. I tillegg skal vi sikre at LIS1 legane får ei teneste som er fagleg forsvarleg med eit innhald som gjev forutsetningar for å gjennomgå alle læringsmåla som det er krav om frå Helsedirektoratet for å få godkjent teneste.

Vi har 38 kommuneplassar i Hordaland som vi tildeler i kvar periode. For hausten 2019 er det fleire LIS1 legar som kjem attende frå permisjon i tillegg til dei som er ferdige i sjukehusteneste. Vi har difor gått ein runde med kommunane i Hordaland om dei har høve til å ta imot ein ekstra LIS1 lege for hausten 2019 i tillegg til den eller dei LIS1 legane dei har fast avtale om å ta imot.

Vi har fått tilbakemelding frå kommuneoverlege Tord Moltumyr at Meland kommune kan ta imot ein ekstra LIS1 lege for hausten 2019. Vi er svært takksame for dette.

De vil som kjent få eit ekstra tilsvarande tilskot som de får for den eine legen de tek imot til vanleg.

Vi vil gi melding til Linda R. Ystanes ved Haukeland universitetssjukehus som har ansvaret for tildeling av kommuneplassar for LIS1 legar, at de kan ta imot ein ekstra LIS1 for hausten 2019. Vi vil be LIS1 legen som får tildelt dykkar kommune om å ta raskt kontakt for å gjere avtale om oppstart og inngå arbeidsavtale.

Med helsing

Linda Svori
seksjonsleiar kommunehelse og omsorg

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til: kommuneoverlege Tord Moltumyr

